

Vedrørende Tussa II kraftverk – merknad frå berørte grunneigarar på Bjørke gnr. 235 bnr. 1–6
Saksnr. 202503336-5

Vi viser til NVEs vedtak av 13.06.2025 om at Tussa II kraftverk ikkje vert rekna som konsesjonspliktig etter vassdragsreguleringslova § 3, samt vidare behandling av anleggskonsesjon og detaljplan.

Denne uttalen vert sendt på vegner av grunneigarane på Bjørke gnr. 235 bnr. 1–6.

Vi ønskjer innleiingsvis å presisere at vi ikkje motset oss nødvendige tiltak knytte til rehabilitering, vedlikehald og tryggleiksmessig oppgradering av eksisterande damanlegg og eksisterande kraftverksinfrastruktur. Våre innvendingar rettar seg mot dei delane av prosjektet som gjeld etablering av nytt kraftverk, nye vassvegar, nye arealinngrep og eventuell ekspropriasjon.

Historisk grunnlag og tidlegare endringar

Oreigningsskjønet frå 1919 og seinare avtalar bygde etter det vi kan sjå på ei konkret utbyggingsløyising med kraftstasjon på Tyssemyrane, røyrgate i Bjørkeberget og bestemte tekniske løysingar og inngrep slik dei var planlagde på det tidspunktet.

Avtalen mellom grunneigarane og L/L Tussa Kraft av 10. desember 1951 viser etter det vi kan sjå direkte til det opphavlege oreigningsgrunnlaget frå 1919. Etter vårt syn er dette eit sentralt forhold ved vurderinga av om tidlegare rettsgrunnlag og konsesjonar automatisk kan gi heimel for dagens prosjekt.

Det vart allereie i 1952 gjort vesentlege endringar i prosjektet ved at kraftstasjonen vart flytta frå Tyssemyrane til fjorden. Dette innebar mellom anna nye tunnelar, endra vassvegar, større fjellinngrep og endra påverknad på vassføringa i Tysseelva samanlikna med det som låg til grunn for skjønet frå 1919 og avtalane frå 1951.

Etter det vi kjenner til vart grunneigarane ikkje involverte i desse seinare endringane, og det vart heller ikkje inngått nye avtalar.

Etter vårt syn viser dette at den faktiske utbygginga allereie på 1950-talet avvek vesentleg frå det opphavlege grunnlaget, og at det derfor må vurderast konkret kor langt tidlegare ekspropriasjonsgrunnlag og rettar faktisk rekk for nye tiltak med vesentleg anna omfang, teknologi og belastningsprofil.

Tussa II kraftverk – prosjektet sitt omfang

Det planlagde Tussa II-prosjektet framstår etter vårt syn ikkje som ordinær rehabilitering eller oppgradering av eksisterande anlegg, men som etablering av eit nytt kraftverk med:

- ny kraftstasjon,
- nye vassvegar og tunnelar,
- nytt inntak og nytt utløp,
- nye permanente vegar og vegtunnel,
- omfattande massehandtering og terrenginngrep,
- vesentleg auka effektkapasitet,
- samt langvarig anleggsperiode.

Det går samtidig fram at eksisterande kraftverk skal oppretthaldast og vere i drift gjennom heile utbyggingsperioden. Etter vårt syn understøttar dette at prosjektet i realiteten har karakter av ei vesentleg ny utbygging, og ikkje berre rehabilitering eller modernisering av eksisterande anlegg.

Vi stiller derfor spørsmål ved om tiltaket er vurdert for snevert ved konsesjonspliktavurderinga, jf. vassressurslova §§ 3 og 8 samt vassdragsreguleringslova § 3.

Manglande varslings- og medverknad

Etter det vi kan sjå vart førespurnad om konsesjonsvurdering utarbeidd av Tussa Energi med siste revisjon 10.03.2025. Førespurnaden vart oversendt NVE og sendt på høyring same dag. Det er NVEs vurdering at saka ikkje er så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig.

Berørte grunneigarar og rettshavarar vart ikkje varsla eller gitt høve til å uttale seg ved behandlinga av konsesjonspliktspørsmålet, og fekk først kjennskap til saka etter at høyringsfristen var gått ut. Direkte berørte grunneigarar og rettshavarar skulle etter vårt syn vore varsla særskilt før spørsmålet om konsesjonsplikt vart avgjort.

Dette framstår etter vårt syn som mangelfull sakshandsaming, jf. forvaltningslova §§ 16 og 17 om førehandsvarslings- og krav til at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst før vedtak vert fatta.

For det tilfellet at NVE ikkje deler denne vurderinga, ber vi om at det vert gjort nærare greie for kva som ligg i at saka ikkje vert rekna som tilstrekkeleg omfattande til å krevje breiare varslings- og høyring av direkte berørte partar, samt kva type tiltak som normalt vil medføre at direkte berørte grunneigarar vert rekna som høyringspartar.

Massetransport og endra konsekvensbilete

I førespurnad om konsesjonsvurdering har Tussa opplyst at overskotsmassar frå tunnelarbeida i hovudsak skal transporterast sjøvegen via Tysseøyra, og at massetransport på veg dermed vil vere avgrensa.

Det går mellom anna fram:

«Massane frå vegtunnelen og portalområdet er planlagt sortert og eventuelt knust på eit midlertidig anleggsområde utanfor portalen og frakta til kai ved Tysseøyra og vidare med båt eller lekter for sal/samfunnsnyttig bruk.»

Vidare er det vist til intensjonsavtale med Møre Sjø AS om transport og vidaresal av overskotsmassar, samt at massetransport ned til Hjørundfjorden skulle kunne avgrensast til ein til tre transportar per veke og utførast på eigna tidspunkt i samråd med lokalbefolkninga.

Det er vidare opplyst:

«Tussa si oppfatning er at konfliktnivået er lavt og ingen har signalisert at dei er mot prosjektet.»

Vi legg til grunn at desse opplysningane har vore ein del av avgjerdsgrunnlaget ved vurderinga av konfliktnivå og konsesjonsplikt.

Vi ber om at ovanfor nemnde plan for massehandtering vert lagt til grunn som bindande føresetnad i ei eventuell anleggskonsesjon.

I detaljplan for miljø og landskap er det no opplyst at det også vert vurdert transport av massar med lastebil via Fv. 5892 mot Austefjorden, samt at det er inngått intensjonsavtale med fylkeskommunen om mottak av massar.

Dette representerer etter vårt syn ei vesentleg endring av tiltaket sine føresetnader og konsekvensbilete samanlikna med det som tidlegare er lagt til grunn.

Etter vårt syn vil omfattande massetransport på offentleg veg gjennom bygda og vidare ut dalen på den smale fylkesvegen som allerede er i dårleg forfatning kunne ha vesentleg negativ påverknad på allmenne interesser, mellom anna knytt til trafikktryggleik, belastning på offentleg infrastruktur, og den samla belastninga på lokalsamfunnet gjennom ein fleirårig anleggsperiode.

Etter vårt syn kan dette ikkje behandlast innanfor eksisterande saksgrunnlag utan ny vurdering og ny høyring av berørte interesser.

Vi legg samtidig til grunn at Tussa si vurdering av lågt konfliktnivå byggjer på dei opplysningane og føresetnadene som låg føre på tidspunktet for konsesjonsvurderinga. Vi vil sterkt motsetje oss omfattande massetransport med lastebil ut dalen.

Vi ber om at det i ei eventuell anleggskonsesjon vert fastsett bindande vilkår om at massetransport i hovudsak skal skje sjøvegen slik det tidlegare er opplyst.

Ekspropriasjon og nødvendigheitsvurdering

Etter oreigningslova § 2 andre ledd kan ekspropriasjon berre skje dersom tiltaket «tvillaust er meir til gagn enn skade». Dette inneber etter vårt syn også eit krav om at inngrepa må vere nødvendige, og at mindre inngripande alternativ må vurderast reelt. Vi kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg vurdert om ønskja effektauke kunne vore oppnådd gjennom ombygging og

modernisering av eksisterande kraftverk og eksisterande vassvegar, utan etablering av nytt kraftverk og omfattande nye inngrep.

Vi stiller også spørsmål ved den samfunnsmessige nytten av tiltaket sett opp mot inngrepa sitt omfang. Slik prosjektet er beskrevet framstår hovudføremålet i stor grad å vere auka effektkapasitet og effektkøyring, snarare enn vesentleg auke i samla årleg energiproduksjon.

Vidare kan det etter vårt syn ikkje leggjast til grunn at ekspropriasjonsgrunnlag etablert i 1917 og skjøn frå 1919 automatisk gir heimel for nye tiltak med vesentleg anna omfang, teknologi, effektkapasitet og belastningsprofil enn det som opphavleg vart vurdert.

Det må vurderast konkret om dagens tiltak faktisk ligg innanfor rammene av tidlegare rettar og ekspropriasjonsgrunnlag, eller om prosjektet i realiteten representerer eit nytt tiltak som krev ei sjølvstendig vurdering av ekspropriasjonsvilkåra.

Støy, belastningar og konsekvensar i anleggsperioden

Vi viser til støyvurdering for anleggsfasen utarbeidd av Norconsult datert 09.05.2025. Rapporten stadfestar omfattande og langvarige anleggsarbeid, mellom anna tunneldrift, boring, pigging, massetransport, handtering og sortering av massar samt drift av mellomlager og riggområde.

Det går uttrykkeleg fram at det er planlagt døgntkontinuerleg arbeid i sone 1 og 2, inkludert nattarbeid ved tunnelpåhogg og mellomlager/riggområde. Vidare går det fram at fleire bustader er venta å få støy over tilrådde grenseverdiar etter T-1442:2021, og at alternativ overnatting kan måtte vurderast for berørte bebuarar.

Etter vårt syn er det samtidig utilstrekkeleg vurdert kva samla belastningar prosjektet vil medføre gjennom ein fleirårig anleggsperiode, både for nærliggande bebuarar og for allmenne interesser, mellom anna:

- støy og nattarbeid,
- støvplager og massetransport,
- vibrasjonar frå tunneldrift og sprenging,
- lysforureining,
- trafikktryggleik og belastning på offentleg infrastruktur,
- påverknad på lokalmiljø og friluftsliv,
- samt belastningar for familiar og barn i området.

Etter vårt syn vil dei samla belastningane kunne medføre skade og negativ påverknad på allmenne interesser, og det må derfor gjerast ei konkret og samla vurdering av prosjektet sine verknader sett opp mot tiltaket sitt omfang, varigheit og belastninga for lokalsamfunnet over tid. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre tilstrekkeleg konkrete eller bindande vurderingar av driftstider, avgrensingar for nattarbeid, transportomfang eller andre avbøtande tiltak sett opp mot prosjektet sitt storleik og varigheit.

Rapporten legg samtidig til grunn at føreslått støyvoll har avgrensa effekt, og at hovudtiltaka i stor grad vil vere varsling og administrative tiltak. Etter vårt syn understøttar dette at konsekvensane for nærliggande grunneigarar og bebuarar ikkje framstår tilstrekkeleg avklarte eller utgreidde.

I detaljplan for miljø og landskap er det oppgitt at 18 bustader på dagtid og 23 bustader på natt kan oppleve støy over tilrådde grenseverdiar, medan det i støyvurderinga (vedlegg 5) er oppgitt høvesvis 3 og 8 bustader. Vi ber om at Tussa gjer greie for kva som er korrekt, samt kvifor det ligg føre ulike opplysningar i saksdokumenta.

Vi ber vidare om at det i ei eventuell anleggskonsesjon vert fastsett bindande vilkår om:

- at nødvendige støydempende tiltak skal vere etablerte før anleggsarbeida startar,
- klare avgrensingar for nattarbeid,
- samt konkrete avbøtande tiltak for å redusere belastningane for berørte naboar og lokalmiljø.

Avslutning

Vi ber om at ovanfor nemnde forhold vert tekne inn i NVEs vidare vurdering av anleggskonsesjon, ekspropriasjon og tiltaket sitt rettslege grunnlag.

Etter vårt syn er det nødvendig at NVE gjer ei konkret vurdering av:

- om prosjektet i realiteten må reknast som eit nytt tiltak,
- om tidlegare ekspropriasjonsgrunnlag og konsesjonar faktisk gir heimel for dagens inngrep,
- om endra planar for massetransport medfører behov for ny vurdering av konsesjonsplikt og ny høyring,
- om saka er tilstrekkeleg opplyst etter forvaltningslova §§ 16 og 17,
- samt om prosjektet sine samla belastningar og konsekvensar for allmenne interesser er tilstrekkeleg utgreidde og vurderte.

Grunneigarane ønskjer ei open og konstruktiv behandling av saka. Vi meiner det er viktig at NVE vurderer både det historiske grunnlaget, dei føresetnadene dei opphavlege rettane bygde på, dei nye inngrepa og dei samla samfunnsmessige konsekvensane samla, og at det vert gjort eit tydeleg skilje mellom opphavleg konsesjonsgrunnlag og etablering av nytt kraftverk, gjennom reell involvering og open dialog med berørte grunneigarar og lokalsamfunn.

På vegner av grunneigarar av gnr. 235 bnr. 1–6.

Aasen Bjøringsøy Wold
John Kåre Bjørke
Bente Karin Goksøy
Andreas Gylvik
Camille Gjelvik
Knut Ragnar Bjørke
Oonil Boska Bjørke